



**Reguleringsføresegner for Småliene, del av Fonnebø gnr.111 bnr.6, Vinje**  
FØRESEGNER

- § 1  
Disse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet. Infrastruktur VVA, kablar o.l skal visast som vedlegg til planen
- § 2  
Området er regulert til fylgjande føremål:  
Byggeområde  
Område for jord og skogbruk  
Spesialområde ( veg)
- §3 BYGGEOMRÅDE  
HYTTER/ FRITIDSBYGG  
a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.  
b) Frittliggende hytter skal ikkje ha meir enn 100 m2 BYA (bygd areal). Bygningane skal ha saltak, gesimshøgds maks. 3,5 m. monehøgds maks.5,5 m. over terreng. Grunnmur skal normalt ikkje vera høgare enn 0,8 meter over opphavelag terreng. Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kleining og naturvenlege, mørke fargar. Lafta tømmerbygningar kan nyttast. Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 24 - 32 grader og tekkast med torv.  
c) Med byggeskildning skal det ligge situasjonsplan i mål 1:500 som syner: Tomtestorleik, plassering av bygningar og anlegg, intern veg parkering o.a  
d) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på. Felling av større tre skal skje i samråd med eigar av gnr.111 bnr.6.  
e) Mellom eventuelle verandapillarar skal det gjerast mot beitedyr.  
f) Det kan byggjast annekst/uthus/ maks 20 m2. gesimshøgds maks 3m. monehøgds maks 4,5m.  
f) Det er ikkje tillete med gjerdar eller flaggstenger.
- §6 FELLESONRÅDE  
Fellesparkering kan nyttast til gjesteparkering .
- § 7 SPESIALOMRÅDE  
a) Opparbeidd privat veg, grusveg, b. 3,5m skal nyttast som tilkomstveg til hytter, til landbruks/skogbruksdrift og til kommunale oppgåver.  
Skjerings- og fyllingsutslag kan koma inn på areal som ligg inntil regulert veg.  
b) Område regulert til kommunalteknisk oppgåver skal nyttast til oppsetting av renovasjonskonteinere og andre aktivitetar knytt til dette. Eigar av gnr. 111 bnr.3 har ansvar for vedlikehald og brøyting av plassen.
- §8 VATN OG AVLAUP  
Fritidsbustader kan ha låg, middels eller høg sanitær standard. Ved utbygging av middels eller høg sanitær standard, må det ligge føre avlaupsplan godkjend av Vinje kommune  
Fritidsbustadane med låg sanitær standard kan ikkje ha innlagt vatn, men ha vasspostar ute. Det skal då nyttast biodo.
- §9 RENOVASJON  
Hushaldsavfall vert teke hand om gjennom tvungen renovasjonsordning.  
Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå Renovest iks.
- §10 STRAUMFORSYNING, FIBEROPTIKK O.L  
Alle typar kablar skal leggjast i grøfter i samsvar med leiingsplan for området.
- §11 FRISIKTSONE ved avkjøring fv. 801.  
Friskitsone, (6m.x 140m.) må haldist fri for lekamar høgare enn 0.5m og må vara rydda før bygging kan tillast.
- §12 DISPENSASJON  
Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygningslova.
- §13 PRIVATRETTSLEGE AVTALER  
Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.

VINJE KOMMUNE  
7 JUNI 2008  
8853/08

REGULERINGSPLAN MED FØRESEGNER del av gnr 111 bnr.6 Fonnebø, Vinje			
Endra	etter handsaming i planutval planutval 14/5-08	dato	20.05.08
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA		dato	08/54
Kunngjering av reguleringsarbeidet		dato	10.08.07
1. gongs handsaming i kommunen		dato	13.02.08
Utlegging til off. ettersyn			
2. gongs handsaming i kommunen			
kommunestyret sitt vedtak	vedtak sak 08/54	dato	05.06.08

Teikenforklaring pbl. §25 reguleringsføremål

Landbruksområde §25 nr.2 Område for jord- og skogbruk	Byggeområde §25 nr.1 Område for fritidsbyggelse
Spesialområde §25 nr.6 Privat veg	Nye hyttetomter
område for kommunalteknisk verksemd	Avagrensing av planen
Fellesområde §25 nr.7 Felles parkeringsplass	Eigedomsgrense

KARTGRUNNLAG . ØKONOMISK KARTVERK ekv.d. 5m. Mål : 1 : 1500